



## MØTEBOK REPRESENTANTSKAPSMØTE 2022

Representantskapsmøtet vart halde den 30.03.22 på Sunnmøre folkehøgskule i Ulstein kommune. Innkallinga vart sendt ut den 14.01.22, og sakslista med saker 09.03.22 (sakpapir i digital lenke).

Før representantskapsmøtet var det omvising i friluftsområdet Bugardsmyrane. Der sørga kultursjef i Ulstein Leif Ringstad for omvising og orientering om arbeidet med opparbeiding av friluftsområdet og stiane i kring.

Tilbake i møtelokalet ønska varaordførar Stan Lehmann Scheide representantskapet velkomne til Ulstein, og orienterte om kommunen og friluftsarbeidet deira.

Før sjølve representantskapsmøtet starta, orienterte Anne B. Støyva Emblem og Hilde Ellingsæter i friluftsrådet om StikkUT!, både erfaringar og statistikk frå 2021 og behovet for å auke inntektene i prosjektet for å kome i økonomisk balanse i åra som kjem.

### Desse møtte på representantskapsmøtet:

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

Kommune	Møtte representantar i representantskapet for Sunnmøre friluftsråd
Fjord kommune	Palma Flåen Øvrebust
	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Giske kommune	Hanne Roaldsnes
	Jan Ove Skodje (er også styremedlem)
Herøy kommune	Karl-Petter Sortehaug
	Camilla Storøy
Stranda kommune	Bodil Tronstad Lie
	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Sula kommune	Nils Erik Bjørkavåg (er også styremedlem)
	Trygve Holm
Sykkylven kommune	Sveinung Vemøy
	Anne Kari Aamødt
Ulstein kommune	Arild Støylen
	Kjersti Vengen Jensen
Vanylven kommune	Martin Kjøpstad
	Lena Landsverk Sande
Vestnes kommune	Aud Sissel Suoranta
	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Volda kommune	Martin Kjøpstad
	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Ørsta kommune	Oddvar Marøy
	Forfall: utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte
Ålesund kommune	Geir Ove Leite
	Kari Grindvik
Hareid kommune (ny)	Hege Holstad
	Bernt Brandal
Sande kommune (ny)	Einar Ekroll

Sitjande styre møtte nesten fulltalige:

Kommune	Styremedlemmar Sunnmøre friluftsråd
Fjord kommune	Eva Hove (leiar)
Ulstein kommune	Berit Sandvik Skeide (nestleiar)
Giske kommune	Jan Ove Skodjevåg (er utsending)
Harøy kommune	Linn-Therese Hansen Sævik
Stranda kommune	Jan Håkon Vikane
Sykkylven kommune	Trond Bonesmo
Sula kommune	Nils Erik Bjørkavåg (er utsending)
Vanylven kommune	John Willy Klungre
Vestnes kommune	Forfall: styremedl. eller vara hadde ikkje høve til å møte
Volda kommune	Ola Einang
Ørsta kommune	Karen Høydal
Ålesund kommune (3 stk.)	Jarle Hauge Steffenssen, Janet Roelofs, Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepresentant	Christer Lundberg Nes

Andre frammøtte på representantskapsmøtet/gjester:

Kommune	Komande nye styremedlemmar
Hareid (ny kommune)	Annika Brandal
Sande (ny kommune)	Sindre Slettestøl

**Andre:**

- Varaordfører Stian Lehmann Scheide og kultursjef i Ulstein kommune Leif Ringstad
- Dagleg leiar AB Støyva Emblem og prosjektansvarleg StikkUT! Hilde Ellingsæter i friluftsrådet

Representantskapsmøtet vart sett med 19 røysteføre delegatar. Etter at to nye kommunar vart vedtekne som nye deltakarkommunar i sak 2, hadde møtet **22** røysteføre delegatar.

#### Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

***Representantskapet godkjenner innkallinga og sakslista for representantskapet 2022***

#### Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Representantskapsmøtet foreslo representantane Trygve Holm og Janet Roelofs til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær, og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

***Representantskapet vel styreleiar Eva Hove som ordstyrar og dagleg leiar Støyva Emblem som sekretær, og Trygve Holm og Janet Roelofs til å skrive under møteboka.***

#### Sak 3: Godkjenning av Hareid og Sande som to nye deltakarkommunar

Samrøystes vedtak:

***Representantskapet ønskjer Hareid og Sande hjarteleg velkomne som nye deltakarkommunar i Sunnmøre friluftsråd frå 01.01.22.***

***Representantskapet gir utsendingane frå Hareid og Sande røysterett i dei resterande sakene på representantskapsmøtet 2022.***

#### Sak 4: Årsrapport 2021

Samrøystes vedtak:

***Representantskapet godkjenner årsrapporten til Sunnmøre friluftsråd for 2021.***

***Årsrapporten skal sendast kommunane som referatsak.***

**Sak 5: Årsrekneskap 2021**

Samrøystes vedtak:

**Representantskapet godkjenner den revisorgodkjente rekneskapen for 2021.**
**Sak 6: Årsbudsjett 2022**

Samrøystes vedtak:

1. **Representantskapet godkjenner årsbudsjettet for 2022.**
2. **Representantskapet gir styret fullmakt til å gjøre nødvendige endringer etter kvart som inntektssida blir avklart.**

**Sak 7: Handlingsplan 2022-2024 med arbeidsplan for 2022**

Samrøystes vedtak:

**Representantskapet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd 2022-24 med arbeidsplan for 2022 med dei kommentarar som kom fram i møtet.**
**Sak 8: Medlemskontingent for 2023**

Samrøystes vedtak:

**Medlemskontingenten for 2023 vert sett til kr. 20,26 per innbyggjar.**
**Sak 9: Val**

Kommunane som skulle gjere det, hadde valt sine medlemmar og varamedlemmar før representantskapsmøtet. Styret for perioden frå etter representantskapsmøtet 2022 til og med møtet 2023 er:

Styremedlemmar valt for perioden 2021-2023 som allereie sit i styret:

Kommune	Valperiode	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepresentantar (ikkje på val)
Herøy	2021-2023	Linn-Therese Hansen Sævik	Sigurd Nygard
Stranda	2021-2023	Jan Håkon Vikane	Bodil Tronstad Lie
Sula	2021-2023	Nils Erik Bjørkavåg	Karoline Antonia Slinning
Vestnes	2021-2023	Jon Kåre Osdal	Hilde Legernes
Ålesund	2021-2023	Jarle Hauge Steffensen	Anders Lindbeck
Ålesund	2021-2023	Janet Roelofs	Nora Morken Farstad
Ålesund	2021-2023	Thea Alise Vestre Aasen	Ewa Hildre

Nye styremedlemmar som kart kommunestyre har meldt inn for perioden 2022-2024:

Kommune	Valperiode	Nye styremedlemmar	Nye vararepresentantar
Fjord	2022-2024	Eva Hove (gjenvall)	Andreas Håvoll (gjenvall)
Giske	2022-2024	Jan Ove Skodje (gjenvall)	Louise Kristin Haahjem (ny)
Sykkylven	2022-2024	Trond Bonesmo (gjenvall)	Eva Eline Tandstad (gjenvall)
Ulstein	2022-2024	Berit Sandvik Skeide (gjenvall)	Magnar Taklo (ny)
Vanylven	2022-2024	John Willy Klungre (gjenvall)	Lilli Ann Bakkebø (ny)
Volda*	2022-2024	Ola Einang (gjenvall)	Annlaug Stokke (gjenvall)
Ørsta	2022-2024	Karen Høydal (gjenvall)	Stein Aam (gjenvall)
Sande (ny)	2022-2024	Sindre Slettestøl (ny)	Anders Bringsvor (ny)
Hareid (ny)	2022-2024	Annika Brandal (ny)	Bernhard Harkjerr (ny)
Tilsettrepr.	2022-2024	Christer Lundberg Nes (gjenvall)	Randi Kjerstad Hagerup (ny)

\*Volda kommune gjennomførte valet av sitt styremedlem/varamedlem i etterkant av rep.skapet.

Modolf Hareide la fram innstillinga frå valnemnda på val av leiar, nestleiar og revisor fram til og med representantskapsmøtet 2022:

Leiar 2022-23: Eva Hove (Fjord) /gjenväl  
Nestleiar 2022-23: Berit Sandvik Skeide (Ulstein) /gjenväl  
Revisor 2022-23: Møre og Romsdal Revisjon SA /gjenväl

Valnemnda hadde følgjande merknad til val av revisor: «Sunnmøre friluftsråd nyttar no Møre og Romsdal Revisjon SA til revisjonsoppgåvene. Sitjande styreleiar har ingen innvendingar mot måten revisjonstenestene er blitt utført på. Dette støttar også dagleg leiar i friluftsrådet, men syn at revisjonstenestene er i overkant dyre. Valnemnda vil difor oppmode til at det nye styret får fullmakt til å hente inn tilbod også frå andre revisjonsfirma. Eit grunngjeve råd til val av revisjonsfirma skal leggest fram for valnemnda til neste representantskapsmøte.»

Samrøystes vedtak:

**Representantskapet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2022-2024 som kommunane har meldt inn.**

**Representantskapet vel Eva Hove som styreleiar og Berit Sandvik Skeide som nestleiar (begge gjenväl) fram til representantskapsmøtet 2023.**

**Representantskapet vel Møre og Romsdal Revisjon SA (gjenväl) som revisor fram til representantskapsmøtet 2023. Det nye styret får fullmakt til å hente inn tilbod også frå andre revisjonsfirma, og eit grunngjeve råd til val av revisjonsfirma skal leggest fram for valnemnda til neste representantskapsmøte.**

#### **Sak 10: Samarbeidsavtalen – oppdatering og endring**

Innstillinga frå styret var oppdatering i § 2 og endring i § 5, jf. sakspapira. Fleirtalet i representantskapet ville behalde § 5 som før utan endring.

Samrøystes vedtak:

**Representantskapet vedtek oppdatering i § 2 i samarbeidsavtale for Sunnmøre friluftsråd (KO).**

#### **Sak 11: Val av valnemnd**

Styreleiar la fram innstilling på val av ny valnemnd slik det framgår i sakspapira. Fleirtalet i representantskapet endra Vebjørn Krogsæter (innstilt) til Martin Kjøpstad slik at Ålesund ikkje har to representantar.

Samrøystes vedtak:

**Representantskapet vel følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:**

**Leiar: Modolf Hareide, 2020-2023 (Ålesund)**  
**Medlem: Lena Landsverk Sande, 2021-2024 (Vanylven)**  
**Medlem: Martin Kjøpstad, 2022-2025 (Vestnes) - ny**  
**Vara: Bodil Tronstad Lie (Stranda) - ny**

#### **Sak 12: Innkomne saker**

Utgår. Det er ikkje kome inn andre saker til representantskapsmøtet.

**Avslutning av representantskapsmøtet.** Styreleiar Eva Hove takka for møtet.

Referent Anne Berit Støyva Emblem.

Signering:

Trygve Holm  
representant

Janet Roelofs  
styremedlem

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page

Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende